



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Ingunn Landro Sandset, 5557 2273

Vår dato  
03.09.2018  
Dykkar dato

Vår referanse  
2018/10890  
Dykkar referanse

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 Manger

### **Varsel om tilsyn med gjennomføring av nasjonale prøver 2017 - Radøy kommune**

Fylkesmannen i Hordaland skal gjennomføre tilsyn med Radøy kommune med tema *nasjonale prøver*, og opnar tilsynet med dette varselet.

Etter opplæringslova § 14-1 første ledd har Fylkesmannen heimel til å føre tilsyn med at kommunane og fylkeskommunane oppfyller dei pliktene dei er pålagde i eller i medhald av opplæringslova kapittel 1-16 (kommunepliktene). Reglane i kommunelova kapittel 10 A gjeld for denne tilsynsverksemda.

Kommunen og skulane er valde ut med utgangspunkt i risikovurderingar knytt til temaet. Det er nytta data frå det prøveadministrative systemet (PAS) og Grunnskulens informasjonssystem (GSI).

#### **Følgjande av kommunen sine skular er omfatta av tilsynet:**

- Hordabø skule
- Radøy ungdomsskule

#### **Føremål og tema**

Deltaking i dei nasjonale prøvene er obligatorisk, og det er avgrensa høve til å frita elevar frå prøvene. Føremålet med tilsynet er å medverka til at prøvene vert gjennomførde etter desse føresetnadene, og at eventuelle fritak er i tråd med føringane i regelverket. Dersom tilsynet avdekkjer lovstridige tilhøve, vil kommunen verta pålagd å gjera tiltak for å sikra framtidig endring av praksis.

Tilsynet gjeld kommunen si gjennomføring av nasjonale prøver hausten 2017, jf. forskrift til opplæringslova § 2-4. Tema for tilsynet vil vera:

1. Skulen si påmelding av elevane til prøvene
2. Skulen sin fritakspraksis sett i relasjon til lovkrava
3. Skulen sin praksis ved fråvær frå prøvene

**Tilsynet er avgrensa til å gjelda prøvene i engelsk på 5. og 8. trinn.**

## **Gjennomføring**

Tilsynet skal gjennomførast som eit skriftleg tilsyn. Vi ber om å få oversendt skriftleg dokumentasjon, jf. eige avsnitt om dette. På grunnlag av analyse av det oversende skriftlege materialet, vil vi vurdera om kommunen etterlever dei undersøkte lovkrava. Fylkesmannen vil ikkje ha intervju eller møte med kommunen / skulane som ein del av tilsynet.

Kommunen vil få tilsendt ein førebels rapport. På grunnlag av denne rapporten vil kommunen kunna gje tilbakemelding om faktafeil før Fylkesmannen utarbeider endelig rapport.

Dersom vi avdekkjer lovbrot, vil Radøy kommune få førehandsvarsel om vedtak etter forvaltningslova § 16, og få høve til å uttale seg i saka. Kommunen vil deretter få ein rimeleg frist til å rette det ulovlege forholdet, før vi vedtek eit eventuelt pålegg om retting.

Vi gjer merksam på at tilsynsrapportane er offentlege, jf. offentlegheitslova § 3.

## **Dokumentasjon**

For å gjennomføra tilsynet i tråd med oppdraget, har Fylkesmannen bruk for to typar dokumentasjon: 1) vedtak knytt til fritak frå prøvene og 2) skriftlege svar på spørsmål.

### 1. Vedtak

- Enkeltvedtaka om fritak for kvar av skulane
- Tilhøyrande underliggjande enkeltvedtak etter opplæringslova kap. 5 eller § 2-8

### 2. Skriftlege svar på spørsmål, sjå vedlegg

Vi vil understreka under at kommunen sentralt har ansvaret for å innhenta svar på spørsmåla og vedtaksmaterialet frå skulane. Kommunen skal deretter kvalitetssikra og vidaresenda den samla dokumentasjonen til Fylkesmannen. Vi tek gjerne imot eventuell relevant tilleggsinformasjon frå kommunen og/eller skulane, eksempelvis rutinar/retningslinjer for gjennomføring av nasjonale prøver.

Dokumentasjon skal sendast digitalt til Fylkesmannen i Hordaland (ikkje e-post).

**Fristen for å senda inn dokumentasjonen er 25.09.2018.**

Vi ser fram til eit godt samarbeid med kommunen ved gjennomføringa av tilsynet. Eventuelle spørsmål til innhaldet i dette brevet, kan rettast til Ingunn Landro Sandset,  
[fmhoils@fylkesmannen.no](mailto:fmhoils@fylkesmannen.no)

Med helsing

Hanne Melander  
seniorrådgjevar

Ingunn Landro Sandset  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Vedlegg: Spørjeskjema til skulane